



Ballbingen på Korsnes - vil han snart få lys? (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Ungdommens Kommunestyre (UKK) handsama torsdag tre søknadar om støtte frå posten til ungdomstiltak. 15.000 kroner stod til disposisjon.**

**Dei løyva 5.000 til nytt bordtennisbord for Omvikedalen ungdomsklubb, det same som klubben hadde søkt om. Til Trio jenter 14 løyva dei 10.000 som skal nyttast til reise til Dana Cup neste sommar. Her var søknadssummen 20.000.**

**Den tredje søknaden var frå Korsnes Vel i Uskedalen, om 30.000 til lys i ballbingen. Her vende UKK tommelen ned fordi dei meinte velforeininga heller kunne søkja om tippemidler også til dette føremålet. Tidlegare er det gjeve tippemidler til finansiering av tiltaket.**

Både leiar Aleksander Rebaudo frå Uskedalen og Alexander Løyning frå Herøysund var av denne oppfatninga og fekk full tilslutning frå dei andre.

Løyning var også inne på andre moglege finansieringskjelder, som næringslivet og kommunen ellers.

Martin Femsteinevik frå Hatlestrand var medlem av plangruppa som skal rullera kommuneplanen for idrett og fysisk aktivitet. Der sit det elles representantar frå idrettsrådet, planavdelinga, teknisk og kultur. Når planen har vore ute på høyring skal han vedtakast av 'det vaksne' kommunestyret.

Ei spesiell sak var spørsmålet om oppretting av ladestasjonar for elbilar i kommunen. Her valde UKK Alexander Løyning som medlem av den spesielle arbeidsgruppa som skal ha det første møtet sitt fredag.

Elles heldt UKK fast ved at Trio skal betala attende løyvinga som idrettslaget fekk for for å skipa eit nytt fotball-lag for innvandrarar og andre med ein annan kulturell bakgrunn. Dette laget er framleis ikkje skipa.

Av Ola Matti Mathisen



Aleksander Rebaudo (til venstre ved enden av bordet) er leiar for UKK. Til høgre for han sit Alexander Løyning frå Herøysund. (Foto: Ola Matti Mathisen)